



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

OPEDAL SKULE



Vurderingstema:
**Vurdering med fokus på arbeid med læringsmål og
tilbakemelding til elevane og heimane.**

24. – 27. mars, 2009



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar?

11 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 – Fakta om skulen

Skulen ligg vakkert til i sentrum av Lofthus med flotte fruktgardar som naboar på alle sider.

I dag går det 62 elevar på skulen, og det er 14 tilsette.

Elevane er grupperte i 4 grupper med kontaktlærer til kvar.

På skulen finst det eit stort skulebibliotek, og kvar veke kjem skulebibliotekar.

SFO har stor tilstrøyming - 22 elevar er påmelde.

Årssteg	Ta på elevar
1. årssteg	11 elevar
2. årssteg	7 elevar
3. årssteg	8 elevar
4. årssteg	5 elevar
5. årssteg	8 elevar
6. årssteg	12 elevar
7. årssteg	11 elevar

3 – Vurderingstema

Skulen har bede om vurdering på fylgjande tema:

Vurdering med fokus på arbeid med læringsmål og tilbakemelding til elevane og heimane.

4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine eigne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Bakgrunnen for omgrepet: Tidligare var det vanleg å samle på glansbilete. Englane med glitter på vingene, var spesielt vakre. Ingen veit nøyaktig korleis englar ser ut, men ein kunne vel ynskja at dei ser ut som på gamle glansbilete!

Tema:

Vurdering med fokus på arbeid med læringsmål og tilbakemelding til elevane og heimane.

OPEDAL SKULE SITT GLANSBILETE –
MED TEIKNA PÅ GOD PRAKSIS

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD KVALITET
<p>Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering</p> <p>Skulen legg til rette for at elevvurdering er i stadig utvikling</p>	<ul style="list-style-type: none">- lærarane har ei felles forståing av omgrepa læring, kunnskap og vurdering- skulen vurderer jamleg sin eigen vurderingspraksis- skulen har system for elev- fag og utviklingssamtalar der vurdering er eit tema- kompetansemåla i læreplanen er konkretiserte i læringsmål- rektor og personale har ei felles forståing for tidsbruk og organisering av vurderingsarbeidet.- skulen har ein plan for gjennomføring, vurdering og oppfølging av testar, kartlegingsprøvar og nasjonale prøvar- leiinga legg til rette for at lærarane får samarbeida om mål og kjenneteikn for å utvikla eit tolkingsfellesskap kring vurdering- skulen har utvikla vurderingskriterium for kvart fag og årssteg- lærarane drøftar metodar for å trenar elevane i systematisk eigenvurdering- personalet er opne for endringar- lærarane er godt kjende med korleis kollegaene vurderer elevane sine- personalet er kjend med vurderingsforskrifta og har god kompetanse på elevvurdering- skulen samarbeider med andre skular om elevvurdering



Lærarane gjev elevane fagleg og relevant tilbakemelding om korleis eleven ligg an i høve til læringsmål og sosial utvikling	<ul style="list-style-type: none">- lærarane gjev tilbakemeldingar om kvar elevane står i høve kompetansemåla- lærarane fokuserer dagleg på læringsmåla- tilbakemeldinga gir elevane råd om korleis dei kan heva kompetansen sin- lærarane dokumenterer den einskilde elev si faglege utvikling- læraren gjev skriftleg tilbakemelding til elevane- læraren gjev munnleg tilbakemelding til elevane- tilbakemeldingane er positive i forma og aukar motivasjon for vidare læring- læraren uttrykker faglege forventningar overfor eleven- lærarane har hyppige fagsamtalar med fokus på læringsmål og fagleg utvikling
Vurderinga stimulerer til utvikling og læring	<ul style="list-style-type: none">- elevane er motiverte for læring og skularbeid- elevane kjenner og har fokus på læringsmåla- elevane veit kva dei må gjere for å nå læringsmåla- det er rom for respons frå elevane i læraren sin tilbakemelding/vurdering- elevane opplever elevsamtalen, fagsamtalen og utviklingssamtalen som nyttig i høve til å få tilbakemelding på kva dei faktisk kan og kva dei må gjera for å utvikle seg vidare- elevane opplever rettferdig vurdering
Dei føresette er kjende med skulen sitt opplegg for vurdering og får informasjon om korleis eleven ligg an i høve læringsmåla	<ul style="list-style-type: none">- utviklingssamtalen (foreldresamtalen) er førebudd og dei føresette opplever den som nyttig- dei føresette veit kva barnet kan i høve til måla i kunnskapsløftet og kva barnet skal gjera får å kome vidare- dei føresette kjenner læringsmåla og vert oppmoda om å bruka dei i lag med barnet sitt- vurderinga skapar dialog mellom heim og skule- dei føresette opplever at det er lett å ta kontakt med skulen utanom faste møte



5 – Deltakarar i vurderinga

Interne deltakarar: Personalgruppa på skulen, elevvar og føresette.
Vi intervjuar 7 i personalgruppa og 35 av dei 61 elevane.
På foreldremøtet møtte 23 av dei føresette.

Eksterne deltakarar: Anne Karin Flatlandsmo og Janne Brurok

Grunngjeving for val av informantar:

Me ville at flest mogeleg av dei impliserte partane skulle kjenne at dette temaet vedkjem alle.

6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

Tid	Aktivitet	Ansvar
Desember 2008	Opedal skule melder til vurderingsgruppa at dei ynskjer vurdering på temaet "elevvurdering."	Rektor
Veke 3 2009	Første kontaktmøte mellom rektor på skulen og ein av vurderarane. Kontakt pr mail. Mål: Presisere temaet for vurderinga og vite meir om bakgrunnen for dette valet.	Rektor og vurderar
Veke 6	Vurderarane får nyttig informasjon om verksemda; verksemdsplanar, heimeside etc. tilsendt av rektor.	
Veke 7	Glansbilete for vurderingsområdet blir utarbeidd og sendt skulen. Rektor får tilsendt informasjonsbrevet som skal ut til foreldra i forkant av vurderingsveka + informasjonsmal kommunenivå	Vurderarane og rektor
Veke 9	Glansbiletet er drøfta på skulen, godtatt av personalgruppa som endeleg. Tilbakemelding sendt vurderarane.	Rektor og vurderarane
Veke 12	Tidsplan blir sendt til skolen. Rektor kallar inn foreldra til foreldremøte tysdag 24.3 kl 19.00- 20.00. Rektor og vurderarar førebur vurderingsveka, set opp tidsplan over elev- og personalintervju.	Rektor
Veke 13	Vurderingsveka <u>Tysdag 24.3</u> Kl 08.00 – 8.25 : Vurderarane møter personalet, presenterer seg kort og skisserer	Leiinga legg til rette



	<p>arbeidet utover i veka.</p> <p>Samtale med elevar etter følgjande plan:</p> <p>KI 8.30 – 9.15: Samtale med 1. klassetrinn KI 9.15- 10.00: Samtale med 2.klassetrinn KI 11.00- 11.30: Observasjon ute (den store pausen) KI 10.00 – 10.45: Samtale med 3. klassetrinn KI 11.30 – 12.15: Samtale med 4. klassetrinn</p> <p>Pause/ oppsummering</p> <p>KI 13.15 – 14.00: Samtale med personalgruppa 1.- 4. trinn (helst alle)</p> <p>KI 14.00 – 14.45 : Samtale med rektor</p> <p>19.00 – 20.00 Møte med foreldra (allmøte)</p> <p><u>Onsdag 25.3</u> Samtale med elevar etter følgjande plan:</p> <p>8.30 – 9.15: Samtale med 5.klassetrinn 9.15 – 10.00: Samtale med 6. klassetrinn 10.00- 10.45: Samtale med 7.klassetrinn</p> <p>11.00- 11.30: Observasjon ute</p> <p>Klasseromsobservasjon mellomtrinnet KI 11.30 – 13.00.</p> <p>Samtale med personalgruppa 5.-7. trinn (helst alle) 13.15 – 14.00</p> <p>Ettermiddag/ kveld: Arbeid med rapportane på hotellet.</p> <p><u>Torsdag 26.3</u> 08.00- 08.15: Kort møte med rektor</p> <p>Klasseromsobservasjon småtrinnet KI 08.30 – 09.30: 3. og 4. klassetrinn KI 09.30- 11.00: 1.+2. klassetrinn Analyse og vurdering. Rapportskriving.</p> <p><u>Onsdag 15.4 :</u> Framlegging av rapport 12.30: Framlegging av rapport for rektor. 13.30: Framlegging av rapport for heile personalet. Det er ynskjeleg</p>	<p>Vurderarar</p> <p>Rektor legg til rette. Me må ha eit rom til disposisjon.</p> <p>Vurderarar</p> <p>Vurderarane</p> <p>Vurderarane</p>
--	--	---



	at skuleeigar og andre frå kommuneadministrasjonen kan vere til stades. Rapport med vedlegg blir gitt elektronisk til skulen	
Veke 17	Rapport med vedlegg vert sendt ped. konsulent/ skuleeigar i Ullensvang Herad for arkivering. Den offisielle delen av rapporten vert etterpå lagt ut på den regionale heimesida.	Vurderarane
Innan Veke 21	Skulen evaluerer vurderingsveka og tilbakemeldinga innan ein månad til leiar i vurderingsgruppa, Aud O. Lygre.	Rektor

7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument: timeplanar, halvårsplanar, målark, skulen sin pedagogiske verksemdsplan, døme på vekeplanar, skulen sine skjema for elevvurdering, skulen sin vurderingsplan, samt resultatet av elevundersøkinga og den siste nasjonale prøva.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilette med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i LK-06, Opplæringslova med forskrift, vurderingsføreskrift og skulen sine planar. Framlegget til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse utan endringar.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.
Tema i desse samtalanene er henta frå "Glansbiletet, med teikna på god praksis."

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Dei føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte der alle føresette var inviterte.



Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no-situasjon og for vidare arbeid. Me har gjennomført ein samtale med rektor etter same mal som dei tilsette.

Observasjon

Me observerte undervisninga i alle gruppene på skulen. Dessutan observerte me elevane i fri utfolding ute i den store pausen.

8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Kriterium: Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering

- *skulen har system for elev- fag og utviklingssamtalar der vurdering er eit tema*

Skulen har utarbeidd ein vurderingsplan der elevsamtalar, foreldresamtalar, undervegsvurdering og læringsmålsprøvar er med. Samtalar med alle impliserte partar viser at dei gjennomfører elev- og foreldresamtalar 2 gonger i året. Vidare opplyser elevar og tilsette at dei gjennomfører læringsmålsprøvar etter eit fast mønster.

Skulen har utarbeidd felles skjema for elevvurdering som vert nytta i elev- og foreldresamtalar.

- *kompetansemåla i læreplanen er konkretiserte i læringsmål*
- *lærarane fokuserer dagleg på læringsmåla*

Opp til 4. trinn har lærarane sjølve laga læringsmåla i basisfaga ut frå Kunnskapsløftet. Det har vore samarbeid på tvers av regionane, men lærarane opplyser at dei likevel har valt å utvikla sine eige læringsmål.

Me såg vekeplanar og arbeidsplanar for alle årstrinn, der læringsmål var lett synlege. På vekeplanane for dei minste årstrinna hadde dei læringsmål i norsk, engelsk, matematikk og sosial kompetanse. På arbeidsplanen for 7. årstrinn fann me læringsmål for matematikk, engelsk, samfunnsfag, naturfag og RLE.

Dette viser at Opedal skule er godt i gang med å laga og å arbeida etter læringsmål, som igjen gjev eit grunnlag for å arbeida målretta med vurdering.



Kriterium: Lærarane gjev elevane fagleg og relevant tilbakemelding om korleis eleven ligg an i høve til læringsmål og sosial utvikling

- *lærarane gjev tilbakemeldingar om kvar elevane står i høve kompetansemåla*
- *tilbakemeldinga gjev elevane råd om korleis dei kan heva kompetansen sin*

Samtale med lærarane viser at lærarane nyttar kompetansemåla når dei førebur elevsamtalen. " Eg ser på kva tema me har hatt og mål dei har nådd når eg førebur elevsamtalen". Lærarane på dei minste trinna opplyser at dei ikkje har skriftlege prøvar, men at dei ser i bøkene og spør dei.

Elevar på dei øvste klassesetrinna seier at dei sjølve avgjer kvar dei skal kryssa på vurderingsskjema og nokre elevar seier også at dei på elevsamtalen får råd om korleis dei skal jobbe vidare og kva dei må fokusera på.

Vurderingsplanen til skulen presiserer at elevsamtalen skal munne ut i ein skriftleg avtale der det står kva eleven bør arbeide meir med. Samtalar med tilsette, føresette og elevar stadfestar at dette vert gjort i ein viss utstrekning.

Lærarane seier at dei gjev tilbakemelding som har til hensikt å hjelpe elevane fram og utvikle dei fagleg. Dei gjev elevane forslag til andre måtar å jobbe på, t.d. på data, dei prøver og å vise ved å ta i bruk nye innfallsvinklar, eller dei gjev rettleiing ved å jobbe prosessorientert med ulike skriveoppgåver.

Den sosiale utviklinga er alltid eit tema på elev - og foreldresamtalen. Alle elevane gjev uttrykk for at dei trivst og har venner på skulen. Dette sa elevane om kva som var bra med Opedal skule: "At det ikkje er så mange elevar her, betre plass. Vennene mine. Fin skulegard, ballbingen. Ikkje nokon som vert mobba. Me lærer ting og har snille lærarar, men av og til strenge."

- *lærarane dokumenterer den einskilde elev si faglege utvikling*

I samtale med dei tilsette får vi også opplyst at kontaktlærarane arkiverer vurderingsskjema brukt under elevsamtale og konferansetime og at dei makulerer desse seinare. Ein lærar opplyser at han køyrer småprøvar under elevsamtalen slik at dei må visa kva dei kan.

Alle resultat frå kartleggingsprøvar og nasjonale prøvar vert arkivert av rektor.



Kriterium: Vurderinga stimulerer til utvikling og læring

- *tilbakemeldingane er positive i forma og aukar motivasjon for vidare læring*

Elevane sjølv seier dei får kommentarar som "fint, flott, kjempebra, bra, og...." etc. Desse orda er positive i seg sjølv og er oppmuntrande for eleven. Som ein elev seier sjølv: " Verkar mest positivt når me får god tilbakemelding, me fortset å gjera ein god jobb".

Dei yngste elevane er og opptekne av at dei får klistremerke for god åtferd, dette ser ut til å vere ei gulrot som motiverer. Andre bruker smilefjes som dei "samlar opp". 10 av desse utløyer ei overrasking. Dette observerte vi, og vi opplevde at det var viktig for elevane.

- *læraren uttrykker faglege forventningar overfor eleven*
- *elevane er motiverte for læring og skulearbeid*
- *elevane kjenner og har fokus på læringsmåla*

Under observasjon i klasseromma såg vi interesserte elevar som jobba aktivt, var rolege og konsentrerte. Det var fokus på læring, og elevane deltok aktivt i lærarstyrt samtale om både kjent og nytt tema.

Vi fekk diverre ikkje høve til å observera i arbeidsplantimar, men såg at arbeidsplanane hadde læringsmål som var lette å finne i dei fleste fag. Under samtale med elevane på mellomtrinnet uttrykte dei tydleg at dei jobba målretta mot læringsmålstesten som dei skulle ha annankvar fredag.

Stasjonsundervisninga på småtrinnet er prega av gode, faste rutinar som elevane er innforståtte med. Pedagogane er flinke til å fokusera på læring og vi såg ei god oppsummering etter læringsøkta.





9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Kriterium: Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering

- *lærarane har ei felles forståing av omgrepa læring, kunnskap og vurdering*
- *skulen vurderer jamleg sin eigen vurderingspraksis*

Samtalane me hadde med dei tilsette syner at drøftingane fins, men det er helst innad på trinnet vurdering vert diskutert. Derfor er det etter kvart blitt to ulike kulturar på skulen i samband med vurderingspraksis. Rektor innser at viktige pedagogiske grunnlagsdiskusjonar ikkje vert prioritert i fellestida. Dei tilsette seier dei har etterlyst møte der dette er sett på dagsorden. "Leiinga må setje i gang prosessen," blir det hevda.

Sett i høve til punktet om å gjennomføre eigenvurdering av eigen vurderingspraksis, bør slike møte bli ein fast rutine i løpet av eit skuleår, kanskje sett inn i eit årshjul. På møtet med dei føresette var det og semje om at det er viktig, også for lærarane, å ha evna til å vurdere seg sjølv i høve måla for skulen.

Den pedagogiske verksemdsplanen for Opedal skule har ikkje sett opp vurdering som satsingsområde for 2008/ 09. Det ein likevel kan lese er at elevsamtalen og arbeid med målark er sett opp som utviklingsområde på skulen. Sett i samanheng med at skulen har ein vurderingsplan der elevsamtalen, foreldresamtalen og undervegsvurderinga er vesentlege punkt, må det vere av vesentleg interesse for alle tilsette å drøfte kva desse omgrepa inneber. Ein revisjon av vurderingsplanen som inkluderer klare mål for vurderingsarbeidet på alle trinn, synest nødvendig. Dei føresette vi snakka med var alle svært interesserte i dette temaet, så ein god dialog mellom skulen og heimane kring vurderingspraksisen kan gi positive resultat i høve elevane si utvikling.

- *kompetansemåla i læreplanen er konkretiserte i læringsmål*

Alle klassetrinna har utvikla vekeplanar der kompetansemåla i LK-06 er forsøkt brote ned i konkrete læringsmål. Vi har sett døme på læringsmål som er presise slik at alle brukarane forstår kva som skal lærast, men vi har og sett døme på det motsette. Arbeid med målark er eit prioritert område ved skulen. Døme vi har fått frå småtrinnet viser at dei jobbar godt med dette, men kan endå bli betre på samanhengen mellom målarka og læringsmåla på vekeplanen. Dei føresette påpeikar at måla er like for alle. Dei kunne ynskje seg at desse var meir tilpassa, også i høve til elevar som allereie har nådd høgste måloppnåing.



Elevane har ei klarare forståing av omgrepet læringsmål jo høgare opp i klassane dei kjem. Dei yngste elevane ser omgrepet i samanheng med at dei skal lære masse, lære det lærarane seier, og for å greie det må dei konsentrere seg. Nokon skjønar at eit læringsmål er noko dei må arbeide for å oppnå.

På mellomtrinnet tenkjer elevane stort sett på prøvar når dei tenkjer på læringsmål. Dette fører til at nokon har eit positivt forhold til omgrepet andre ikkje. På arbeidsplanen har dei læringsmål som ikkje alltid er like godt konkretiserte. Elevane etterlyser tydelegare læringsmål slik at arbeidet kan bli greiare å utføre. Foreldra sa det same på møtet; for at dei skal kunne hjelpe til med leksene er presist formulerte mål nødvendig. "Det er ofte stort rom for tolking; læringsmåla er for upresise."

På dette området vil dei tilsette ha stort utbytte av å samarbeide tettare, lære av kvarandre, for det synest som om lærarane på mellomtrinnet strevar mest med dette konkretiseringsarbeidet. Dette blir stadfesta gjennom samtale med elevar på mellomtrinnet og på møtet med dei føresette.

Observasjonane våre i klassane viste tydeleg at læringsmåla blir lite omtala i undervisninga. Dei er heller ikkje slått opp på oppslagstavla eller skrive ned på tavla. Det ungane både høyrer og ser får dei fortare under huda enn det som berre vert lese. Kan små, men viktige endringar gjerast på dette punktet?

- *rektor og personale har ei felles forståing for tidsbruk og organisering av vurderingsarbeidet.*

Det hadde vore flott om rektor og personalgruppa hadde ei felles forståing av både korleis organiseringa av vurderingsarbeidet blir gjort og kor mykje av arbeidstida som skal brukast til denne typen arbeid. Rektor håpar det er ei felles forståing på dette punktet, det blir sagt av tilsette at det nok er forskjell på teori og praksis. Gode intensjonar lar seg ikkje alltid gjennomføre.

Kan hende eit samarbeid med andre skular i heradet kan vere nyttig? Korleis får andre tid til god elevvurdering og korleis gjennomfører dei denne?

Kriterium: Skulen legg til rette for at elevvurdering er i stadig utvikling

- *leiinga legg til rette for at lærarane får samarbeida om mål og kjenneteikn for å utvikla eit tolkingsfellesskap kring vurdering*

Skulen har faste møtedagar, ein for heile kollegiet, ein dag for teamet. Teamet vel sjølv kva dei jobbar med, men dei treng kan hende føringar frå leiinga i høve til elevvurdering for på den måten å sikre at skulen jobbar meir systematisk etter ein vedteken progresjonsplan.

- *skulen har utvikla vurderingskriterium for kvart fag og årssteg*



På dette punktet er det ikkje semje. Mykje tyder på at omgrepet vurderingskriterium er lite drøfta. Det er ikkje det same som nedbrøtne kompetansemål, men snarare ei presisering av kva ein elev skal kunne for å seie at han "kan mykje", "kan litt" eller "kan lite". Lærarane seier at dette er eit "voldsomt omfattande arbeid", men det vert sagt at det finst mykje litteratur om dette no. Ein av lærarane har utvikla sitt eige system med vurderingskriteria som han brukar og er godt nøgd med.

Møtet med dei føresette viste at dei alle ynskjer å vite meir nøyaktig kva barnet er god på. Dei er slett ikkje sikre på kva nivå barnet er på, og er urolege for t.d. overgangen til ungdomsskulen. Har dei lært nok samanlikna med elevar frå dei andre skulane?

Eit felles system med tydelege vurderingskriteria vil gjere vurderingsarbeidet lettare for den einskilde pedagogen, og elevane vil truleg lettare forstå kva dei spesifikt er gode på. Prosessen med å utarbeide vurderingskriteria er tidkrevjande i starten, etter kvart blir det lettare. Skulen bør ha eit felles system for lagring av slikt arbeid og dele skjema med kvarandre.

- *lærarane er godt kjende med korleis kollegaene vurderer elevane sine*

Det er blitt påpeika at det har vokse fram ein todelt vurderingskultur på Opedal skule. Grunnen er at teama samarbeider lite. "Det har utvikla seg ulike tradisjonar på dei ulike trinna," vert det fortalt. LK-06 er klar på dette punktet: "*Opplæringens personale skal fungere i et fellesskap av kollegaer som deler ansvaret for elevenes utvikling.*" (LK 06, Generell del, s 13)

- *personalet er kjend med vurderingsforskrifta og har god kompetanse på elevvurdering*

Rektor seier at dei tilsette har vore på kurs i emnet, og at dei har fått litteratur. Det er ein veg å gå som skulen nett er starta på. Lærarane stadfestar at dei har fått litteratur. Det er ikkje blitt sett opp regionale kurs etter at Kunnskapsløftet blei innført. Dette hadde dei forventa.

- *skulen samarbeider med andre skular om elevvurdering*

Småtrinnet har hatt regionalt samarbeid kring utviklinga av målarka. Dette samarbeidet har ført til at dei har laga egne læringsmål tilpassa elevane og skulen.

Samarbeid elles er fråverande.

Kan hende eit samarbeid med andre skular i heradet kring mangt og mykje rundt vurderingspraksis kan vere nyttig? Korleis gjennomfører andre god elevvurdering?



Kanskje det bør vera skuleeigar si oppgåve å leggja til rette for ein god delekultur, her kan ein td. tenkje seg at Its learning vil vera eit godt samarbeidsforum. "Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene." (Forskrift til opplæringslova § 2.1)

Kriterium: Lærarane gjev elevane faglege og relevante tilbakemeldingar om korleis eleven ligg an i høve til læringsmål og sosial utvikling

- *tilbakemeldinga gjev elevane råd om korleis dei kan heva kompetansen sin*

Elevsvara her gjer oss ein indikasjon på at råda er noko diffuse. Dei minste svarer at dei får klar melding om å konsentrere seg betre, høyre betre etter, eller øve kvar dag. Dei eldste syns ikkje lærarane er flinke nok til å gje råd som fører til måloppnåing. Nokon kunne tenkt seg betre forklaringar når det er noko som ikkje er forstått.

Foreldra sine svar underbyggjer dette. Dei er slett ikkje nøgde med tilbakemeldingane ungane får. "Står lite om korleis elevane skal verta betre og korleis vurderinga skal fyljast opp", vert det sagt. Dei ynskjer meir informativ og konstruktiv tilbakemelding på arbeidet ungane gjer; dei vil gjerne vite kva barnet faktisk har tileigna seg av kunnskap. Ynskjet er ei tilbakemelding som gjer det mogeleg å vita korleis ein bør jobbe heime for å hjelpe ungane mot høg måloppnåing. Men nokon foreldre føler at skulen sender uklare signal ut i heimane. "Er det forventat at vi skal øve med dei?"

Vår konklusjon er at skulen har eit utviklingspotensiale i det å formulere seg tydeleg og konstruktivt i sine tilbakemeldingar til elevane. LK-06 er tydeleg på at pedagogens si oppgåve i forhold til dette er å fortelje eleven kva som er hans sterke sider, fortelje han på kva nivå han står på i høve kompetansemåla og gje han konstruktiv framovermelding som motiverer til vidare arbeid.

Kriterium: Vurderinga stimulerer til utvikling og læring

- *tilbakemeldingane er positive i forma og aukar motivasjon for vidare læring*

Mange foreldre syns lærarane gjev for lite positive skriftlege kommentarar. "Kunne vore meir positivt, vert fort negativt dersom kommentaren er lengre. Dette gjeld lengre ned i klassane også. Men det er ulikt frå klasse til klasse, det finst også gode eksempel", seier dei. Konstruktive, godt grunngjevne kommentarar likar dei å ta imot. Det aukar motivasjonen for læring.



Vi hørte lærarar som gav direkte munnleg tilbakemelding i klasserommet. Men samstundes fekk me utsegn frå elevar som syns at det var for få og for lite presise munnlege tilbakemeldingar: "Me får nesten aldri munnlege tilbakemeldingar, av og til når me har hatt lekse. Kunne fått vite kva som var bra.."

Dei munnlege tilbakemeldingane vi gjerne skulle høyrte fleire av då vi observerte i klassane er av typen: Kva tenkjer du no? Kva har du lært av dette? Kva vil du gjere no? Korleis har du løyst denne oppgåva? Den direkte kommunikasjonen i klasserommet, i den kontinuerlege undervegsvurderinga, er grunnleggjande sett i høve til læring og motivasjon for vidare utvikling. Læringsspørsmåla, dei som lar eleven får sjanse til å reflektere og vise at han har lært og kva han har lært, dei bør det vere mange fleire av. No skal det seiast at vi ikkje hadde all verdas tid inne i kvar klasse. Men vi vil absolutt oppmode pedagogane på skulen til å ta i bruk læringsamtalen som ein del av undervegsvurderinga i klasseromskvardagen.

- *lærarane har hyppige fagsamtalar med fokus på læringsmål og fagleg utvikling*

Skulen sin vurderingsplan legg opp til at kontaktlærarane skal ha elevsamtale i eit fast mønster gjennom skuleåret med fokus på læringsmål og fagleg utvikling. Samtalane med elevane viste at mønsteret i dette er vanskeleg for dei å finne. Det kan synast som om fredagen er dagen for elevsamtalar, nokon elevar fortel at dei skal ha elevsamtale ein gong i månaden. Det ser ut til at desse samtalane er hyppigare på småtrinnet enn på mellomtrinnet. Elevane der er ikkje nøgde med mønsteret i sine elevsamtalar. Det er for sjeldan og fungerer tydelegvis ikkje etter intensjonane i vurderingsplanen. Dette stadfestar og lærarane; dette året har dei hatt problem med å få gjennomført elevsamtalen ofte nok. Dei føler at elevane syns det er stas med elevsamtale, noko elevane og fortel oss.

Dette styrkjer vårt inntrykk av at det er trong for å drøfte vurderingsplanen, tydeleggjere mønster, mål og innhald i denne planlagde samtalen.

- *elevane veit kva dei må gjere for å nå læringsmåla*

Alle elevane har ein vekeplan der læringsmåla i dei ulike faga er skrive ned. Det er eit godt utgangspunkt for læring. Dei minste er ikkje så opptekne av kva dei skal lære, i større grad av kva dei skal gjere. "Ho seier ikkje kva me skal lære, men kva me skal gjera." Læringsmåla betyr ikkje så mykje for dei. Dette stadfestar og dei tilsette: "Veit ikkje kor bevisste elevane er på desse måla." Det er viktigare å vere på skulen for å lære noko, dei vil lære masse, fortel dei. Og dei må øve kvar dag.

På mellomtrinnet er læringsmåla viktige for dei har læringsmåltest etter kvar arbeidsplanperiode. Problemet for nokon er at læringsmåla er for upresise, så dei veit ikkje alltid korleis dei skal nå det oppsette læringsmålet. "Læraren kunne forklart betre om læringsmåla før me begynner å jobbe med planen", er eit forslag elevane kjem med. "Då hadde me forstått det betre."



Nokon får råd på elevsamtalen, fortel dei, eller dei kan spørje læraren i arbeidsplantimen. "Nokon gonger hentar me læraren og spør om me har gjort rett."

Vår klare oppfatning er at det må snakkast meir om læringsmåla på alle trinna på skulen. Elevane må få inn under huden at dei går på skulen for å lære. Som nokon elevar sa: "Besten spør meg alltid om kva eg har lært på skulen." Dei veit det, men er ikkje medvitne om skilnaden på gjere og lære. Spørsmålet: "Kva har du gjort i dag?" gjev eit heilt anna svar enn spørsmålet: "Kva har du lært i dag?"

LK-06 er ein plan for undervisninga som fokuserer på læringsaspektet i ordbruken sin i atskillig større grad enn tidlegare læreplanar. Dette må få praktiske konsekvensar for alle som no jobbar i skulen og som er forplikta på å jobbe etter denne planen.

Kriterium: Dei føresette er kjende med skulen sin vurderingskultur og får informasjon om korleis eleven ligg an i høve læringsmåla

- *utviklingssamtalen (foreldresamtalen) er førebudd og dei føresette opplever den som nyttig*
- *vurderinga skapar dialog mellom heim og skule*

Møtet med dei føresette fortalde oss at alle ser nytten av den planlagde samtalen med kontaktlæraren. Slike samtalar er skulen forplikta på å gjennomføre etter instruksane i Opplæringslova § 3.2. " ..Kontaktlæraren skal minst to gonger i året ha ein planlagd og strukturert samtale med foreldra eller dei føresette om korleis eleven arbeider til dagleg og gjere greie for korleis eleven står i forhold til kompetansemåla i faga..."

Men det var og stor semje om at samtalen bør vere annleis organisert. Dei trur det vil vere klokt å dele tida, halve tida vil dei snakke med kontaktlærar aleine. Dette for å gjere dialogen innholdsmessig betre. Vurderingsplanen for skulen fortel lite om organisering av foreldresamtalen. Pr. i dag er det ulik praksis, nokon elevar er med halve tida, andre heile tida, mens nokon fortel at dei ikkje er med. Når eleven er med på heile samtalen, synest foreldra at samtalen lett vert på ungene sine premisser.

Ingenting om organisering er nemnd i vurderingsplanen, med unntak av at samtalen skal munne ut i ei skriftleg oppsummering som foreldra skal få med seg heim. Skulen kallar dette ein kontrakt. Ein del foreldre syns ikkje ein skal gjere ungene si verd til ei vaksenverd og lage kontraktar som berre er ord på eit papir. Men dei ser at i særskilte tilfelle kan ein kontrakt ha sin positive verdi, dersom kontrakten blir fylgd opp.

I Opplæringslova §3.2 står det om dette: " Samtalen skal munne ut i ei oppsummering, mellom anna for å bli einige om kva det særskilt skal leggjast vekt på i det vidare arbeidet. "

Det står ikkje at oppsummeringa skal vere skriftleg.

Det vi kan slå fast er at god dialog mellom skulen og heimen er ein føresetnad for at ungene skal utvikle seg i den retninga som ein ynskjer. I den samanhengen er



det viktig at begge partar lyttar til kvarandre, kjem med innspel og tek problem opp til debatt. Dette kan gjerast på så mange måtar. Det å møtast til gode, vel førebudde foreldresamtalar der elevvurdering er sett i fokus, er ein måte.

- *dei føresette veit kva barnet kan i høve til måla i kunnskapsløftet og kva barnet skal gjera for å kome vidare*

På dette punktet svarer dei føresette nokså uklart. Det kan tyde på at måla i kunnskapsløftet ikkje er så kjende for dei, dei kjenner læringsmåla på vekeplanen, men syns desse ofte er for diffuse. Foreldre i dag er opptekne av det som skjer i skulen og kva barna skal lære. Derfor hadde det kan hende vore ein ide å lage års- eller halvårsplanar i dei ulike faga der kompetansemåla frå LK-06 står i ei eiga kolonne. Desse kompetansemåla bør så brukast i det vidare arbeidet med vekeplanar; men i den prosessen må ein bryte dei ned slik at dei kan bli målbare både for elevar, tilsette og foreldre. Års- eller halvårsplanen kan t.d. leggjast ut til dei føresette på Its learning.

På småtrinnet får elevane med seg heim eit vurderingsskjema der elev og lærar har kyssa ut i lag i kor stor grad eleven har nådd måla på vekeplanen. Dei føresette syns det er bra å vite kva barna deira kan og ikkje kan, men dei skulle gjerne visst korleis ungane skal verta betre og korleis vurderinga skal fyljast opp. Stort sett er dei føresette likevel nøgde med oppfyljinga ungane deira får på småtrinnet.

Mellomtrinnsforeldra veit at ungane har læringsmålsprøve anna kvar veke der resultatet av prøven blir målt i eit vurderingsskjema som blir sendt heim for kommentar og signering. Nokon foreldre syns sjølve prøveskjemaet er rotete, elevane får for lite plass å skrive svara på. Kvifor ikkje gi dei eit blankt ark i staden? Andre foreldre er opptekne av om denne prøven har den tiltenkte hensikta; den skal motivere til vidare arbeid med dei ulike faga. Det som skjer, fortel dei, er at ungane samanliknar seg med dei andre heile tida. Dette stadfestar og ein av lærarane som seier: "Det fyrste dei gjer når dei får att ein læringsmålsprøve er å samanlikna seg med kvarandre." For dei elevane som ikkje når opp til måla blir desse prøvane demotiverande, seier foreldra. Dei mislikar og at enkelte resultat, t.d. gangesertifikatet, blir hengt opp på veggen slik at alle kan sjå kven som treng lang tid på å lære seg dette. Dei etterlyser målet med dette.

- *dei føresette kjenner læringsmåla og vert oppmoda om å bruka dei i lag med barnet sitt*

Dei føresette som har ungar på småtrinnet er relativt nøgde med læringsmåla på vekeplanen og med oppfyljinga av resultatata. Ungane blir prøvd munnleg/ skriftleg på elevsamtalen om måla er nådd. Når det gjeld oppfyljing av leksearbeidet heime, er det usikkerheit i gruppa i høve til kva skulen sine forventningar til dei er. Det vert sagt at dei ofte opplever at ynskjet om tett oppfyljing kjem for seint. Tidleg innsats trur dei er viktig om ein skal kunne heve kunnskapsnivået hos ungar som slit. Då må læringsmåla vere konkrete og presise, oppnåelege, gjerne individuelt tilpassa.



Foreldra på mellomtrinnet kjenner læringsmåla på arbeidsplanen, men dei syns ikkje desse er så klare og presise at det er lett å setje dei ut i praksis når ungane jobbar heime. Dei saknar måla på vekeplanen, og meiner det er viktig at det er god samanheng mellom desse. Det kan bli betre samanheng mellom læringsmåla og oppgåvene som blir gitt, meier nokon elevar.

Dei føresette meiner organiseringa av undervisninga, slik ho er no med mange arbeidsplantimar i veka der elevane jobbar individuelt, ikkje held mål. "For mykje a-plantid, for lite lærarhjelp i denne tida. På ein barneskule kan dei ikkje strukturera arbeidet sjølv, lærarane må vera tilgjenglege og til stades." Dette er klar melding til dei tilsette og leiinga ved skulen. Elevane er meir positive til arbeidsmåtane når dei har a-plan, men ynskjer seg lærarar som er der for dei når dei treng hjelp.

Arbeid med arbeidsprogram (a-plan) er eit av utviklingsområda i skulen sin pedagogiske verksemdsplan. Vegen blir alltid til mens ein går. I denne prosessen er det viktig at alle dei som er involverte blir høyrte. Så får ein evaluere det ein held på med jamleg og ta høgde for at ei revidering av eit opplegg kan bli eit resultat av dette arbeidet.



10 – Vidare arbeid

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Opedal skule, 27.03.09

Janne Brurok

Anne Karin Flatlandsmo



Vedlegg 1

SAMTALEGUIDE ELEVAR OPEDAL SKULE

Kva er bra med Opedal skule?

Vurderinga stimulerer til utvikling og læring	<ul style="list-style-type: none">• Korleis likar du å læra og å jobbe med skulearbeidet?• Kva tenkjer du på når du høyrer ordet læringsmål? Fortel om dette.• Korleis veit du på førehand kva du skal lære i timane?• Korleis får du høve til å gje tilbakemelding til lærar på kva og korleis du har gjort skulearbeidet?• Korleis opplever du elevsamtalen for det du skal lære?• Korleis forstår du tilbakemeldinga læraren gjev?• Får alle elevane like mykje tilbakemelding på arbeidet sitt frå lærar? Fortel om dette.
Lærarane gir elevane fagleg og relevant tilbakemelding om korleis eleven ligg an i høve til læringsmål og sosial utvikling	<ul style="list-style-type: none">• Korleis veit du når du har fått lært noko?• Korleis gjev læraren deg tilbakemelding på det du gjer?• Korleis gjev læraren deg råd om kva du kan gjera for å bli betre?• Kor ofte har du samtale aleine med lærar?• Fortel læraren korleis du klarer deg i dei ulike faga på skulen når du har elevsamtale?• Fortel litt om dette.
Dei føresette er kjende med skulen sitt opplegg for vurdering og får informasjon om korleis eleven ligg an i høve læringsmåla	<ul style="list-style-type: none">• Kva fortel du heime om det du lærer på skulen?• Korleis brukar de arbeidsplanen heime?• Kva snakkar de om på foreldresamtalen ?



Vedlegg 2

SAMTALEGUIDE FØRESETTE OPEDAL SKULE

Dei føresette er kjende med skulen sitt opplegg for vurdering og får informasjon om korleis eleven ligg an i høve læringsmåla	<ul style="list-style-type: none">• Kva veit de om korleis og kvifor skulen jobbar med elevvurdering?• Korleis opplever du foreldresamtalen?• Korleis opplever du dialogen med barnet ditt kring det ho/han lærer i dei ulike faga på skulen?• Korleis veit du kvar barnet ditt ligg i høve til kunnskapsmåla og kva ho/han skal gjera for å koma seg vidare?
Lærarane gir elevane fagleg og relevant tilbakemelding om korleis eleven ligg an i høve til læringsmål og sosial utvikling	<ul style="list-style-type: none">• Kva synest du læraren si skriftlege tilbakemelding til eleven fortel deg?• Korleis synest du den faglege tilbakemeldinga er i høve til arbeidet de skal gjera heime?
Set opp punkt som de meiner Opedal skule er flink til	
Set opp punkt som de meiner skulen kan bli flinkare til	
Set opp punkt som foreldra kan bli flinkare til	



Vedlegg 3

SAMTALEGUIDE TILSETTE OG REKTOR VED OPEDAL SKULE

<p>Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering og legg til rette for at elevvurdering er i stadig utvikling.</p>	<ul style="list-style-type: none">• Korleis sikrar de at alle i personalgruppa har lik forståing av omgrepa læring, kunnskap og vurdering?• Korleis dokumenterer skulen dei ulike elevane sin faglege og sosiale ståstad?• Kor ofte er elevvurdering tema på møter i personalgruppa?• Korleis bør kompetansemåla konkretiserast for å kunne brukast i vurderingssamanheng?• Har skulen utvikla eit system med vurderingskriterium for kvart fag og årssteg? Fortel om dette.• Korleis er det med "delekulturen" på Opedal skule? Blir det diskutert korleis ein vurderer elevane sine?• Har rektor og personalgruppa felles forståing for tidsbruken i høve til vurderingsarbeidet?• Korleis har de som tilsette fått kompetanse på elevvurdering?• I kor stort omfang samarbeider de med dei andre skulane i regionen om elevvurdering?
<p>Lærarane gir elevane fagleg og relevant tilbakemelding om korleis eleven ligg an i høve til læringsmål og sosial utvikling</p>	<ul style="list-style-type: none">• Korleis brukar de kompetansemåla når de gjev vurdering på elevarbeid?• Kva legg de vekt på i elevsamtalen?• Kva legg de vekt på under foreldrekonferansen?• Korleis dokumenterer de eleven sin faglege og sosiale utvikling?
<p>Vurderinga stimulerer til utvikling og læring</p>	<ul style="list-style-type: none">• Korleis forventar de at elevane mottar ei tilbakemelding på eige arbeid?• Kva gjer de for at elevane skal oppleve at ei tilbakemelding er rettvis?• Korleis gjer de tilbakemelding til elevane for å ivareta opplæringslova som seier at vurderinga som blir gitt skal fremje læring?• Korleis viser de elevane at de har forventningar til dei?• Korleis viser de elevane at det er samheng mellom læringsmåla på arbeidsplanen og vurderinga dei får? <p>Korleis dokumenterer de elevane si læringsutvikling? Har de noko arkiveringssystem?</p>



Dei føresette er kjende med skulen sin vurderingskultur og får informasjon om korleis eleven ligg an i høve læringsmåla	<ul style="list-style-type: none">• Korleis får dei føresette informasjon om elevvurderinga på skulen?• Korleis får føresette tilbakemelding på korleis eleven ligg an i høve til læringsmåla?• Korleis erfarer du dialogen med føresette kring elevvurdering?• Kor ofte har du samtalar med føresette kring einskildeleven?
Opedal skule er ein god stad å vere, ein god stad å undervise	<ul style="list-style-type: none">• Kva er det beste med å vere tilsett på Opedal skule?



INVOLVE ME

**Tell me, and I may forget.
Show me and I may remember.
Involve me, and I will understand!**

... Chinese proverb